

Kommunane Askvoll, Fjaler og Hyllestad er samde om denne løysinga. Solund kommune føl drøftingane og kan bli aktuell etter nye vurderingar.

Nærpolitireforma




Askvoll



Fjaler



Hyllestad



Framlegg frå ordførarane i
Askvoll, Fjaler og Hyllestad

Frida Melvær Gunhild Berge Stang Morten Askvik
____ sign. ____ ____ sign. ____ ____ sign. ____

Ny organisering av politiet

I løpet av hausten 2016 skal ny struktur for politiet avgjera. Nærpolitireforma legg opp til ein intensiv prosess, der framlegg til organisering skal vere klar innan 15. desember. Stortinget har lagt til grunn at organiseringa av politiet skal skje gjennom ein medverknadsprosess og ein prosess som er lokalt forankra. Dei 3 kommunane som står bak dette initiativet har gjennom fleire år og arbeidd for ei løysing som skal gje betre polititenester og oppleving av tryggleik for innbyggjarane våre. Kommunane Askvoll, Fjaler og Hyllestad, i god dialog og samarbeid med lensmannskontora i desse kommunane, fremjar eit framlegg til organisering som har som mål å nå måla i nærpoltireforma i vårt område. Det viktigaste målet i dette framlegget er at folk skal oppleve å få gode polititenester nær seg medan ein samstundes organiserer tenesta på ein slik måte at ho styrkar lensmannskontoret sin funksjon i regionen.

Gjennom god dialog mellom kommunane, og godt samarbeid med lensmannskontora i Askvoll, Fjaler og Hyllestad har vi blitt samde om ei organisering der det viktigaste målet er at folk skal oppleve å få gode polititenester nær seg, samstundes som ein organiserer tenesta på ein slik måte at ho styrkar lensmannskontoret sin funksjon i regionen.

Tre kommunar, eitt kontor.

Dei 3 lensmannskontor er organisert på følgjande måte i dag:

- Askvoll lensmannskontor: delar lensmann med Fjaler, 2 tenestemenn + kontormedarbeidar
- Fjaler lensmannskontor: delar lensmann med Askvoll, 2 tenestemenn + kontormedarbeidar
- Hyllestad lensmannskontor: lensmann, 1 tenestemann + kontormedarbeidar

I dag er det 7 polititenestemenn tilsett ved dei 3 kontora, noko som gir 0,9 tenestemenn per 1000 innb. (Askvoll 3037 innb., -900 bur på øyar, Fjaler 2817 innb., Hyllestad 1425 innb per 2. kvartal 2016. Dersom øykommunen Solund ønskjer å slutte seg til vårt innspeil vil folketeta auke med ytterlegare 787 innb.).

Kommunane er samde om at vi opplever gode polititenester i lensmannskontora si opningstid. På ettermiddag, kveld, natt og helg blir vi dekka frå regionskontoret i Førde (responsid mellom 1 og 2 timer). Dette har medført at det langt på veg ikkje er synleg eller tilgjengeleg politi i vår region utanom opningstida til lensmannskontora.

Kommunane ønskjer å slå saman dei 3 kontora til eitt dersom vi får ei heildøgs vaktordning (minimum heimevakt for tenestemenn). Ved ei slik organisering vil politiet kunne oppnå responsidkrava i reforma samstundes som det vil gi synleg og tilgjengeleg politi utanom kontortid.

Slik det er organisert i dag opplever vi at sjølv alvorlege hendingar i vårt område blir nedpriorert utanom kontortid. Dette ser vi alvorleg på og ønskjer difor med vårt innspeil å bidra til endring og forbetring.

Tenestekontoret vil gje regionen følgjande:

- Regionen vil kunne ha aktiv teneste 24/7 heile året.
- Betre beredskap for alle kommunane
- Innfri langt på veg responsidkrava
- Meir aktivt arbeid mot førebygging
- Ivaretak viktig lokalkunnskap
- Akseptabel reisetid for innbyggjarane til nærmeste lensmannskontor
- Forvaltningsoppgåver som td. pass må behaldast ved kontoret
- Sivil rettspleie (d.v.s. forliksråds- og namsmannsfunksjonen).
- Meir synleg politi –større oppleving av tryggleik for befolkninga

Samla sett meiner vi at ei slik organisering vil gje ei betre polititeneste for befolkninga i vårt område. Nærleiken til- og samarbeidet med kommunane vil kunne oppretthaldast og styrkast.

Prosess

Kommunane Askvoll, Fjaler og Hyllestad tok sjølv initiativ til å drøfte ei ny organisering av lensmannskontora alt i 2013. Bakgrunnen for initiativet var at vi alle opplevde at **responsida er for lang** og at vi får tilbakmeldingar frå innbyggjarar om at politiet ikkje prioriterte å rykke ut frå Førde, trass i at dei opplevde alvorlege situasjonar. Kommunane opplever det same i beredskapsituasjonar. I samtaler med eigne lensmenn, regionlensmann, politimeisteren og representantar frå justiskomiteen har vi belyst utfordringane. Lensmennene i regionen opplever utfordringane likeins som kommunane og støttar opp om ei ny organisering.

Initiativet er forankra i kommunestyra/formannskapa i 2 kommunestyreperiodar med full oppslutnad.

Fleirtalsfraksjonen i justiskomiteen har stadfesta at eit felles lensmannskontor med 24/7 beredskap er i samsvar med intensjonen i nærpoltireforma og gjev si støtte til initiativet. Også SP sin representant har stadfesta si støtte.

Vi ser reforma som utelukkande som positiv og ei moglegheit for forbetringar og endringar til det beste for våre over 7200 innbyggjarar. Suksessen ligg imidlertid i at vi faktisk opplever eit reelt nærpolti i framtida.

Konklusjon

Kommunane er samde om å slå saman dei 3 lensmannskontora til eitt større, mot at vi får ei heildøgs vaktordning. Kommunane vil overlate til politiet å avgjere lokaliseringa av nytt kontor ut frå faglege vurderingar.